



Statens vegvesen

Iec Hus Norge
v/ Karl Aass
Smålonane 2
5353 STRAUME

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Kari Elster Moen - 55516115

Vår referanse:
2015/025740-002

Dykkar referanse:

Vår dato:
11.05.2015

Svar på søknad og uttale til dispensasjonssak etter plan- og bygningslova - søknad om utvida bruk av avkøyrslø - gnr. 66 bnr. 9 - Radøy kommune

Statens vegvesen viser til søknad om utvida bruk av avkøyrslø i samband med søknad om å etablere 4 nye bueiningar på gnr. 66 bnr. 9 på Radøy.

Opplysningar om saksgang

Før Statens vegvesen handsamar søknader etter veglova skal tiltaka vere avklara etter plan- og bygningslova. Radøy kommune opplyser at i følgje arealdelen til kommuneplanen er gnr. 66 bnr. 9 vist som landbruks-, natur og friluftsområde der spreidd bustadbygging er tillate med inntil 3 einingar (LNF-spreidd). Dersom det skal byggast meir enn 3 einingar krev føresegnene reguleringsplan. Ettersom det her er søkt om 4 bustadeiningar er det nødvendig med dispensasjon frå kommuneplanen. Det er kommunen som planmynde som avklarar ein eventuell dispensasjon frå tal bustadeiningar i LNF-spreiddføremålet. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i dispensasjonssaker som vedkjem vårt saksområde. I denne saka gjeld dette utvida bruk av avkjørsel.

Førehandsuttale til handsaming etter plan- og bygningslova

Det er søkt om utvida bruk av avkjørsle til 4 nye bustadeiningar. Det er i kartvedlegget til søknaden vist avkøyrslø til fylkesveg 565 (vår referanse hp 3, km 0,876). Kartvedlegget har påteikna frisiktsoner som viser sikt 50 meter i kvar retning frå 4 meter inn i avkøyrsla.

Rammeplan for avkøyrslø og byggegrenser mot riks- og fylkesveggar i Region vest viser at fylkesveg 565 her er i haldningsklasse 3. For avkjørsle vil det seie at vi normalt bør gje løyve til utvida bruk av bustadavkjørsle dersom dei tekniske krava vert tilfredsstillt.

Vi var på synfaring på staden 27. april. Vår vurdering av saka er at siktkravet for avkøyrslø er innfridd, men at fallet i avkøyrslø er for stort. Det er muleg å utbetre hellinga ved å grave seg innover i vegen, men det vil medføre at vegen vidare opp blir svært bratt. Fallet vidare opp i vegen blir ein del av kommunen si sakshandsaming i samband med søknad om byggeløye

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger


Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

etter plan- og bygningslova. Vi må også legge til at dersom det er 10 einingar eller meir som skal nytte avkjørsla, må vi stille krav om opparbeiding av kryss.

Prinsippskisse for helling i avkjørsla:



Utover dette må det og sikrast god drenering i/under avkjørsla slik at det ikkje renn vatn ut i fylkesvegen. Dette er viktig for å unngå slitasje på vegkroppen og glatte vegar på grunn av is på vinteren eller vatnplaning elles i året.

Vi rår til at det vert utarbeidd reguleringsplan for dette tiltaket. I reguleringsplanen kan ein mellom anna avklare om det må stillast krav til kryssløysing for avkjørsla. Vi har elles ingen vesentlege merknader til kommunen si handsaming av saka under føresetnad av at avkjørsla vert opparbeidd i tråd med våre krav.

Vidare saksgang for handsaming av saka etter veglova

Statens vegvesen avventar vidare handsaming av søknad om utvida bruk av avkjørsel til saka er avklart etter plan- og bygningslova frå kommunen si side.


Plan- og forvaltningsseksjonen - Bergen
Med helsing

Odd Høydalsvik
Odd Høydalsvik
sjefsingeniør

Kari Elster Moen
Kari Elster Moen
overingeniør

1 vedlegg

Kopi: Radøy kommune



SVV Saksnr: 2015 025740

REV:	BESKRIVELSE	SIGN.	REV. DATO
PROSJEKT:	8008-175 Slettevegen Radøy	MÅL:	1:500
TILTAKSHAVER:	Eirik Hokstad	TEGN.:	AH
BYGGEPLASS:	Slettevegen Radøy, 5936 Manger	ARKITEKT:	Kommune: Radøy
TEGN. TYPE:	Situasjonsplan (frisikt)	HUSTYPE:	Situasjonsplan
  arkitekter as <small>www.tn-arkitekter.no</small>		PROSJEKT:	8008-175
		FORMAT:	A4
		TEGN.NR.:	3
		DATE:	21.01.15
		Geogr.:	66/9

